

MERKNADER til «Varsel om oppstart av planarbeid-detaljplan for industriområdet Serklau i Mosterhamn, gnr.20, bnr.12,79 m.fl. plan -ID202108, Bømlo kommune»

Underteikna Jostein Økland Gnr/bnr 4613-20/2,3,8 har desse merknadene:

Rasering av naturmiljø på land og sjø. Når ein ser resultatet av koss utbyggjarane har gått fram i Serklau, fryktar eg at vidare utbygging vil kunna få minst like alvorleg konsekvens for naturmiljøet. Skal vera forsiktig med påstandar, men det kan sjå ut som arbeidet i Serklau har blitt meir omfattande enn det som då var foreslått i planarbeidet. Var det td. Innafor planområdet det arealet lengst nord på Serklauholmen der det er planert og fylt ut i sjøen? Kva med utfylling av masse i Øyra?

I 2003 utførte Bømlo kommune i samarbeid med Fylkesmannen «Kartlegging og verdisetting av Naturtypar i Bømlo». I denne rapporten blir det i slått fast at det i «Lokalitet 81 området innafor Prestnes mellom Austneshamn og Kuholmane i Hallvardsvika» er registrert raudlisteartar av blomar og sopp. Forvaltningsstiltak som blei tilrådd var beiting, hogst og brenning. Dette rimer dårleg med planar om å sprenga flatt og sleppa i sjøen store volum fjell.

Turløype Prestnes/Austnes: Deler av denne mykne nytta turstien ligg på vår grunn. Det er vanskeleg å sjå for seg at Mostringane og besökende elles vil få same naturoppleving i framtida om området og utsikten nordfor løypa er ørkenaktige steinfylling, asfalt og industribygg. Naboane på Heio og elles i Mosterhamn har vel knapt Anna turområde igjen i sitt nærmiljø om også dette forsvinn.

Båtliv: Austneshamn gir god livd for både sønnavind og nordavind og er mykne nytta som oppankrings og rekreasjonsområde for båtfolk sommerstid. Då er det strand og badeplass på sørside av Prestnes som er mest populær. Slik planane ligg føre kan ein frykta at mykne av idyllen forsvinn også for båtfolk som kjem inn får sør, seglar over Trollholmsflua og inn Røyksundkanalen. Er det slik Bømlo kommune som med rette er stolt av kystnaturen sin ønsker å presentera seg?

Djupvannskai: Forstår det slik at ein ser for seg å skipa djupvannskai. Er det faktisk djupt nok til at større båtar kan passera Trollholmsflua?

Trollholmen: Eg er ein av feire eigalarar av Trollholmen. Her skal det vera inngått særskilt avtale mellom vår familie og kommunen. Holmen og tilhøyrande skjær er i dag tilhaldsstad for td ymse sortar måse, skarv og heigrer. Gjer for all del ikkje som det i si tid blei gjort i Hardingestø i Serklau. Der blei Tedneskjæret rasert og hekkeplass for eit hundretalls trener forsvann. Håpar inderleg a Trollholmen ikkje skal enda opp som Serklauholmen.

Jostein Økland, Bryne 7/3-22